



Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 13. og laurdag 14. mars 2009 på Alexandra Hotel, Molde



Næringspolitisk konferanse i framkant av årsmøtet samla 99 deltakarar. I fremste rekke ser vi m.a. frå høgre: nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, landbruksdirektør Anne Berit Løset, stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug, fylkesleiar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen, statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Alle fotos: Arild Erlien).

ÅRSMØTEKONFERANSE fredag 13. mars 2009 kl. 10.30-16.00: "- Skal vi lage maten vår sjølv eller stole på andre land?"

I framkant av fylkesårsmøtet var det fredag kl. 10.30 – 16.00 ei næringspolitisk konferanse med 99 deltakarar om matproduksjonen i Norge og Møre og Romsdal med hovudtema.

Deltakarar var frå lokale Bondelag, politikarar, kommunar ved politisk leing og personar med ansvar for landbruk og næring, bankar, M&R fylke, Innovasjon Norge. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon.

Bak i salen på Hotell Alexandra var det stands ved Gjensidige, Landbruk Nordvest, Bygdefolkets Studieforbund, M&R Bondelag, Landbruksavdelinga i M&R fylke og Småkraftprosjektet på Vestlandet.

Under konferansen var det musikkinnslag ved på torader ved tidlegare fylkesagronom Rannveig Djønnje, odelsjente frå Sogn, Arngunn Timenes Bell på fele, og Laila Storli, fele og vokal.

Fylkesleiar **Arne Magnus Aasen** opna konferansen.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
PB 2047 Moldegård 6402 Molde

Møre og Romsdal Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Fannestrandveien 63. Molde

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:
71 20 28 90

Bankkonto:
Bankkonto: 3980.07.11308
8101.05. 91392

Telefaks:
71 20 28 91

Internet:
www.bondelaget.no/moreogromsdal

E-postadresse
More.romsdal@bondelaget.no

Rådgevar i Norges Bondelag, **Christian Anton Smedshaug**, snakka om matvareforsyninga i verda.

Matvareproduksjonen og jordvern i fylket var tema for landbruksdirektør **Anne Berit Løset** sitt foredrag.

Flere politikarar presenterte på konferansen sitt parti sine svar på utfordringane for landbruksnæringa i fylket og matvareforsyninga i verda: statssekretær i Landbruksdepartementet, **Ola T. Heggem**, stortingsrepresentantane **Leif Helge Kongshaug** (V) og **Bjørn Jakobsen** (SV), og stortingskandidatane **Rigmor Andersen Eide** (KrF) og **Torgeir Dahl** (H).

Dei lokale bøndene **Kari Raanes** frå Averøy og **Erik Olufsen** frå Aure presenterte sin gard og matproduksjon.

Siste del av konferansen var sett av til korte spørsmål og kommentarar frå salen, som innleiarane svara på, før nestleiar i Norges Bondelag **Eli Reistad**, avslutta og oppsummerte.



Foran frå v.: Statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Sp), stortingskandidat Torgeir Dahl (H), leiar i M&R Fiskarlag, Lars Hopmark og stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V). (Foto: Arild Erlien).



Frå v.: Stortingsrepr. Bjørn Jakobsen (SV), fylkesleiar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen, stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V), stortingskandidat Rigmor Andersen Eide (KrF), statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Sp), og dei to lokale bøndene som innleia på årsmøtet: Kari Raanes, Averøy og Erik Olufsen, Aure.

Årsmøtet fredag 13. mars kl 16.30 til laurdag 14. mars kl. 13.00

Møtet sett kl 16.30. Ordstyrar John Helde opna møtet og ønskte velkomen.

SAK 1: OPNING. KONSTITUERING

Organisasjonskonsulent Arild Erlien foretok opprop. Deltakarlista vert lagd ved protokollen.

På årsmøtet møtte i alt 52 personar med røysterett, av desse 44 utsendingar frå 36 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret og 2 frå M&R Bygdekvinnelag.

Totalt deltok det 103 personar ein eller to dagar på konferansen og/eller årsmøtet. 99 av desse deltok på temakonferansen fredag kl. 10.30-16.00.

Elles møtte som inviterte gjestar utan røysterett æresmedlemene Guttorm Kjelsvik og Gunnar Waagen, varaordstyrar Knut Sjømæling, første vara Hans Fra-fjord, rovdyrtsmann Oddvar Tynes, 5 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet og 4 frå fylkeskontoret.

Inviterte gjestar og innleiarar på temakonferansen og årsmøtet var: nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, rådgjevar i Norges Bondelag, Christian Anton Smedshaug, landbruksdirektør i Møre og Romsdal, Anne Berit Løset, statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Sp), stortingsrepresentantane Leif Helge Kongshaug (V) og Bjørn Jakobsen (SV), stortingskandidatane Rigmor Andersen Eide (KrF) og Torgeir Dahl (H), leiar i fylkeslandbruksstyret, Arne Hoem, fylkesleiar i Senterpartiet, Ann Kristin Sørvik, prosjektleiar for Småkraftprosjektet på Vestlandet, Terje Engvik, fylkesleiar i M&R Fiskarlag, Lars Hopmark, Eli Brunstad Høydal frå Innovasjon Noreg, Tor Egil Lie frå Gjensidige sentralt, Knut Bertil Øygard og Lena Myren frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal, Paul Sindre Vedeld (kontaktutvalsleiar i Nortura), Borghild Reenskaug (TINE Meieriet Vest), Anne Turid Myrbostad (Tine Midt-Norge), Heine Bakke (Tine Midt-Norge), Bent K. Moen (Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal), Lars Erik Hubred (leiar i M&R

Norsvin), Turid Strøm (Bioforsk Økologisk), Erik Blindheim (TYR M&R), Ivar Bakken, Gerd Gunnerød og Turid Øøverås frå Landbruk Nordvest.

I tillegg deltok det 14 deltakarar på temakonferansen fredag, som var frå landbruksavdelinga i M&R fylke, 1 sparebank, 1 ordførar og jordbruksjefar i kommunane.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen sin tale.

Året 2009 vil gå inni historia som eit merkeår for økonomien. Men finanskrisa vil gå over. Dei to andre problema, matvaresituasjonen og klima kan bli verre å løyse. Næringa er skuffa over manglande tiltak overfor landbruket under finanskrisa. Aasen kom inn på saker fylkeslaget har arbeida med som bankrentene, leiararmøtet i Oslo og uttalen til jordbruksforhandlingane.

SAK 2 GODKJENNING AV INN-KALLING OG SAKLISTE

Varsel om årsmøte send i lokallagsbrev desember. Innkalling og sakliste send 11. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend. Søren Johan Øveraas og Tove Nesse valt til å skrive under protokollen.

SAK 3 UTTALE OG OPPNEMNING AV REDAKSJONSNEMND

Anne Katrine Jensen presenterte framlegg til uttale frå redaksjonsnemnda.

Ivar Aae vil gjerne ha fokusert på finansieringsspakke og press for at regjeringa kjem på banen og spisse uttalen. Borghild Reenskaug peika på at ein skil mellom inntekt og finansiering i uttalen.

Petter Melchior, Eidsdal og Norddal Ivar Aae kom med justeringar

Vedtak: Redaksjonsnemnd Anne Katrine Jensen, leiar, Ola Steinsvik og Odd Helge Gangstad. Årsmøteuttale blir send ut, og styret får fullmakt til å gjere endringar i forhold til det som er kome fram.



Rådgjevar i Norges Bondelag, Christian Anton Smedshaug og landbruksdirektør i Møre og Romsdal, Anne Berit Løset, var innleiarar. (Foto: Arild Erlien).



Nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, var gjest og innleiar. Her i samtale med Ole Magne Bjørnhjell, Sunndal (t.v) og Jens Kristian Eikrem, Straumsnes.

Årsmøtet vedtok laurdag å sende uttale:

Skal vi lage maten vår sjølv eller overlate ansvaret til andre land

Inntektsauke til bøndene er svaret på dei fleste utfordringane for næringa og norsk matforsyning i framtida. Møre og Romsdal Bondelag sitt årsmøte meiner våre forslag vil sikre matforsyninga, arbeidsplassar i distrikta og i matindustrien, gi betre miljø og svare på klimautfordringane. Det som er alvoret for bøndene og styresmaktene i Norge som i andre land er at verdas matforsyning har blitt verre. I følge FN er det no meir enn eitt tusen millionar menneske som svelt eller er underernærte. Då er det et paradoks at vi i Norge ikkje ein-gong dekkjer etterspurnaden etter kjøtt basert på grovfôr og beite, ressursar som vi har av i overflod.

Medlemmane er svært skuffa over at regjeringa ikkje hadde investeringsmidlar til jordbruket i bankpakkene eller krisepakken trass i kostnadsauken i næringa siste åra. Vi forventar difor ei tilleggspakke på investeringsverkemidlar for inneverande år, samt at rammene for 2010 må aukast betydeleg. Midlar gjennom Innovasjon Norge - Landbruk vil gje strakseffekt på sysselsettinga i bygdene da både planar og søknadar er klare.

I norsk jordbruk er gjennomsnittsinntekta i underkant av kr 200.000, mens gjennomsnittsløna for andre grupper er i overkant av kr 400.000. For bøndene ser det ut til at forventa inntektsvekst siste året vert ete opp av kostnadsveksten. Mange bønder har vore ekspansive og satsa i tiltru til at om drifta vart stor nok skulle den bli meir lønsam. Likevel viser det seg i ettertid at det økonomiske resultatet blir for svakt til å forsvare den investeringa som er gjort.

Dette må rettast opp. I lys av at andre næringar no kanskje må tåle ein moderasjon, kan staten rette opp inntektsgapet til bonden. Det er berre meir pengar over statsbudsjettet som kan oppfylle regjeringserklæringa sine mål om utjamning mellom distrikt, gi variert bruksutvikling, og investeringar i heile landet. Vi forventar at regjeringa i sin næringsstrategi går gjennom alle tiltak som kan senke kostnadene for landbruket med tilleggsnæringar.

Tiltakspakke for mjølk

Mjølkeproduksjonen spesielt må få løfta inntektene. Det er den mest krevjande produksjonen når det gjeld arbeid og kostnader, og har svakast økonomi av alle. Løns- og kostnadsveksten forårsaka av oljebransjen fører til tap av konkurransekraft og dårleg lønsemd i næringa til tross for sterk effektivisering. Det førestående generasjonsskiftet etter dei som satsa på 70- og 80-talet forsterkar behovet. Om det ikkje vert gjort tiltak no, får det alvorlege konsekvensar for matvaresikkerheit, arbeidsplassar og kulturlandskap.

Etter konstituering var det helsingar frå gjestar:

Leiar i fylkeslandbruksnemnda Arne Hoem. Han oppmoda folk til å ta kontakt, særleg klagesaker nemnda handsamar.

Leiar i Småkraftprosjektet Terje Engvik. Oppmoda folk om å nytte prosjektet til rettleiing.

Leiar i Møre og Romsdal Fiskarlag, Lars Hopmark. Fiskeri og landbruk gått hand i hand, og ein del av dei same utfordringane: Rekruttering. Sikkerheit. Handel og WTO. Kvotespørsmål. Fiskeria er eksportretta og har behov for marknadstilgang. Hovudavtala med staten nedtrappa sidan 2005.

Gjensidige Landbruk ved Tor Egil Lie. 50 års samarbeid om produktutvikling.



Frå gjestebenken: Tor Egil Lie frå Gjensidige sentralt, Knut Bertil Øygard og Lena Myren frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal, leiar i fylkeslandbruksstyret, Arne Hoem (Frp) og nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad. (Foto: Arild Erlien).



SAK 9: ÅRSMØTEFOREDRAG V/ NESTLEIAR I NORGES BONDELAG, ELI REISTAD

Nestleiararen kom inn på situasjonen framfor jordbruksforhandlingane med finanskrisa. Årets oppgjer vil dreie seg om budsjettmidlar. Ein prosent rente utgjer 300 mill kr i kostnadsreduksjon. Drivstoff kan bety 100 til 200 mill kr. Ho gikk gjennom forslag til endring av marknadsordningane som er teke opp for å tilpasse eksisterande WTO-avtale, og har ikkje noko med å redusere tollvernet som ligg fast i avtala. For å kunne ta ut meir prisar må noko ut av WTO-utrekningane for gul boks. Ho peikte på mange saker ein arbeider med: Skatt. Reiseliv. Inn på tunet. Energi. Ressursforvaltning.

SAK 8: PRINSIPPROGRAM NORGES BONDELAG 2009-2013 OG KRAVLISTE TIL POLITIKARANE I FYLKET FRÅ BONDE- LAGET

Nestleiar Inge Martin Karlsvik la fram utkast til Kravliste, og styremedlem Per Kristian Gjerde presenterte Norges Bondelags utkast til Prinsippprogram

Kl. 18.00 – 19.00: Drøfting i grupper

Deltakarane var delt inn i sju grupper med 6-8 personar i kvar gruppe. Svar frå gruppene vart levert dirigentbordet.

Spørsmål 1: Kravliste til politikarane frå landbruket i Møre og Romsdal:

På oppmoding frå ein stortingskandidat har vi laga nokre punkt som vi vil arbeide litt med og så presentere framover etter at styret har arbeid meir med saka. Jfr også Norges Bondelags trykksak : Ti landbrukspolitiske utfordringer.
- Gå raskt gjennom krava og kom med forslag til nye ting eller endringar.

Spørsmål 2: Arbeidet i Norges Bondelag ut frå Prinsippprogrammet 2009 – 2013:

Fylkesstyret vil handsame saka 15. April.

- Kom med forslag til prioriteringar eller endringar for at ”Norges Bondelag skal vere den leiande organisasjonen for næringspolitikk og service ... ”

- Kva er viktigast for at unge - og eldre - skal ønskje å vere med i Bondelaget?

Møtet heva første dag kl. 19.00.

Årsmøtemiddag kl. 20.00

Årsmøtet sett laurdag 14. mars kl 08.30.

SAK 4: ÅRSMELDING FOR 2008

Årsmeldinga vart lagt fram av organisasjonssjefen Gunnar Wentzel.

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2008 godkjend.

SAK 5: REKNESKAP FOR 2008

Regneskapet vart lagt fram av organisasjonssjefen. Ordstyrar refererte revisors melding og som tilrår rekneskapet godkjent.

Revisors melding 2008:

Regnskapet er revidert og funnet i orden. Beholdningen i bank stemmer med utskriftene fra banken. Det er kontrollert at alle bilaga forefinnes i regnskapet og at dagboken stemmer. Skattetrekk og arbeidsgiveravgift er betalt og lønns- og trekkoppgaver er innsendt på regnskapspliktige ytelser. Det er avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.08.

Vi tilrår at regnskapet for Møre og Romsdal Bondelag for året 2008 med årsunderskudd kr 68.430 blir godkjent.

Molde 2. mars 2009 Jon B. Nedal (s) Hallvard Hals (s)

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag 2008. Driftsrekneskapet er gjort opp med eit årsunderskot etter finanspostar på - kr 68.430. Fylkeslaget hadde 1.1 2008 ein eigenkapital på kr 831.839, slik at ny eigenkapital 1.1.2009 blir kr 763.409.

SAK 6: ARBEIDS- OG TILTAKSPLAN

Arbeidsplanen vart presentert av organisasjonssjefen, og samtidig om informasjonsopplegget framfor jordbruksforhandlingane og stortingsvalet.

Vedtak: Arbeids- og tiltaksplan 2009-2010 godkjend.

Næringspolitikk:

Mål: Arbeide for ei inntekt og sosiale rettar på line med andre i samfunnet. Fylkeslaget sin uttale til jordbruksforhandlingane 2009 blir retningsgjevande for politiske prioriteringar i 2009 - 2010.

* Ta initiativ, vere pådrivar og drive skoloring i saker som gjeld landbrukspolitikken, næringsutvikling, WTO, EU og EØS, naturforvaltning, kulturlandskap, verneplanar, rovdyr, lokal og regional forvaltning.

Samfunnskontakt og utadretta verksemd

Mål: Fremme distrikts- og landbrukspolitiske saker. Positive informasjonsmarkeringar med norsk mat i sentrum, synleggjere arbeidet Bondelaget gjer og presentere faktaopplysningar om landbruket.

* **Politikarar og beslutningsorgan:** Kontakt med offentlege myndigheiter og kommunane.

* Opinionsen og forbrukarane: Informasjonsaksjonar. Alliansebygging.

* **Media:** Vere synleg i mediabiletet, reise eigne saker og ta del i samfunnsdebatten.

* Kontakt og drøfting mellom landbruksamvirket og Bondelaget.

* Open Gard – minst eitt arrangement i kvar region



Fylkesleiar Arne Magnus Aasen (t.v.) i samtale med dagleg leiar i Landbruk Nordvest, Ivar Bakken og prosjektleiar for Småkraftprosjektet, Terje Engvik.

Organisasjon

Mål: Organisasjonsbygging, skoloring, rekruttering og auke medlemstalet.

- * Utvikle møta i fylkeslaget og lokallaga som arena for sosial og fagleg aktivitet.
- * Informere tillitsvalde, medlemmer og andre ved lokallagsskriv og heimeside på Internett.
- * Kontakt med medlemmer og lokallag.
- * Prioritere medlemsverving av uorganiserte bønder. Invitere alle nye bønder til medlemskap.
- * Rekruttering av unge til næringa og tillitsverv.

Landbruksbasert næringsutvikling – tradisjonelt og nye næringsgreiner

Mål: Peike på mulegheiter på garden, forsterke det faglege miljøet i næringa.

- * Informere om virkemidlar for næringsutvikling.
- * Auka arbeid med landbruksfaglege saker.
- * Samarbeidsrådet for Midt-Norge og Grønn Forsking.

SAK 7: BUDSJETT FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2009

Budsjettet vart presentert av organisasjonssjefen.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettframlegget for 2009. Budsjettet er eit rammebudsjett for dei faste postane. Budsjettet er gjort opp i balanse etter finanspostar slik at eigenkapitalen vert uendra på kr 763.790. Årsmøtet meiner fylkeslaget likevel har ein slik økonomi at styret må kunne disponere midlar utover budsjetttramma til spesielle aktivitetar.

SAK 8 OG 9: GENERALDEBATT TIL PRINSIPPROGRAM OG ÅRSMØTETALER

Prinsippprogram Norges Bondelag 2009-2013 og **kravliste** til politikarane i fylket frå Bondelaget vart presentert fredag ettermiddag av nestleiar Inge Martin Karlsvik og styremedlem Per Kristian Gjerde.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen heldt si tale til årsmøte ved opninga av årsmøtet fredag kl. 16.30.

Årsmøteforedrag ved **første nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad**, vart halde fredag.

Generaldebatt på talerne og prinsippprogram:

Anders Øverbø, Rauma tok opp utviklinga i inntekt og nedgangen i tal bønder. Byggje faglege og sosiale nettverk.

Borghild Reenskaug helste frå Tine og takka for den jobben Norges Bondelag gjer, og spesielt at M&R Bondelag inviterer til samarbeid om uttale framfor jordbruksforhandlingane. Tine vil framleis jobbe for auka utbetalingspris til bonden sjølv om det er vanskelegare. Ho reiste spørsmål ved det Reistad sa at Tine ikkje kunne ta ut ørene etter kompensasjonsforhandlingane, samtidig som resultatet blir presentert som om pengane er tekne ut. Bonden har ikkje fått dei pengane.

Paul Sindre Vedeld på vegne av Nortura takka for invitasjon til årsmøtet, og var glad for god gjennomgang av endringar i marknadsordningane. Han peikte på at fleire organ, som HSH, ønskjer å ta alt ut av målpris med egg og gris. Fylkesstyret tek ein politisk risiko ved å gå inn for å ta så få produksjonar som muleg av målprissystemet. Nortura ønskjer å ta alle produksjonane inn i volum-modellen og unngå å skilje mellom produksjonane for å sikre seg mot kyllinggripen ved eit nytt politisk regime. Han ønskte at årsmøtet kunne uttale at flest muleg produksjonar skulle inn i ny marknadsmodell.

Ivar Aae, Averøy tok opp til Prinsippprogram på bakgrunn av følelse lokalt av manglande støtte til aksjonen framlegget under pkt 4.1.3 at "Bondebladet skal yte støtte til leiinga". Bondebladet bør også vere open for kritiske innspel frå medlemene og sikre større takhøgde.

Ola Steinsvik, Volda og Dalsfjord beklaga at Norges Bondelag ikkje var til stade på heile årsmøtet. Han er saman med Othild Tjugen, årsmøteutsending til Landkreditt SA, glad for avtala mellom Norges Bondelag og Landkreditt. Han oppmoda om at ein viser til driftskredittrente i Landkreditt i samtaler med lokale bankar.

Kari Rånes, Averøy reiste spørsmål ved pkt 2.2.1 Prinsippprogram om avløyning under sjukdom. Såg behov for tilskot til avløyning om ein må vere heime for omsorg for sjuke barn liksom når ein sjølv er sjuk.

Anders Øverbø, Rauma tok opp livsstil. Vidare framlegg til Prinsippprogrammet at laget ønskjer eit samla rekrutteringsopplegg. Det kan også vere ein film som viser dagens moderne landbruk for rekruttering og bonderomantikk.

Hans Frafjord, fylkesstyret reiste spørsmål om korleis vi bør opptre i media og møte med politikarar for å balansere i budskapet om dårleg økonomi og samstundes kunne gi positiv reklame for næringa. Vidare om resultatet av justeringsforhandlingane og resultatet i rekneskapet for siste år. Han tok opp at medan kraftfôrprisane går opp greier ein ikkje å ta ut målprisane, og det kan ikkje vere slik at husdyrproducentane skal bere kostnadene aleine.

Arne Magnus Aasen sa Norges Bondelag ved Eli Reistad kan få skriftleg referat frå generaldebatten og at han ville rapportere til henne munnleg. Han viste til at Norges Bondelag har gjort ein skikkeleg innsats på marknadsordningane. Om marknadsordningane sa Aasen at det var viktig at landbruket var samla og at næringa har ein open debatt fram til våren. Han såg gjerne at PProgrammet var meir som ein strategiplan som var meir målbar ved utgangen av perioden. Han var ikkje tilfreds med at Norges Bondelag ber om engasjement, men når ein får det som ved Averøy-aksjonen så passer det ikkje heilt. Landkreditt er viktig tilbod. Han viste til at fylkeslaget har uttalt noko anna enn mange andre i Norges Bondelag om forholdet korn og kraftfôr.

Birgit Kjerstad, fylkesstyret ga eit bilete av situasjonen mellom landbruk og industri om arealbruken i kommunen.

Replik **Paul Sindre Vedeld** var samd i at ein må gjere ein jobb saman med bonden for å få til kostnadsutt. Til marknadsordninga meinte han at ein må kome med framlegg og drøfte konsekvensane for å kome fram til gode vedtak.

Olav Gustad, Averøy tok opp samdriftsøkonomien og at bortfall av samdriftstilskotet ikkje er kompensert for at samdrift kan vere eit godt alternativ.

Ivar Aae, Averøy tok opp arbeidet med samanslåing mellom forsøksringar og landbrukstenester i det som kan bli Landbruk Nordvest på stiftingsmøte i mars. Nytt felt kan bli bygningsteknikk over frå Landbruksavdelinga i fylket, og rekneskap og økonomi kan vere aktuelt i framtida.

Borghild Reenskaug, Harøy og Fjørtoft leverte skriftleg merknad på at ein tek med seg inn i jordbruksforhandlingane at auken i gjødselprisane ikkje ser ut til å bli kompensert. Ho tok opp forslaget frå fylkesstyret om felles kvotetak for alle føretak på 750.000 liter. Ho erkjenner at det kan vere tapt sak å jobbe for eit lågare felles tak. Korleis få eit landbruk tilpassa arealstruktur i landet, ikkje berre som skiftetillegg slik fylkeslaget har gjort framlegg om, men behovet for mangfald i bruksstruktur og meir på offensiven i eit betre støttegrunnlag for å kome på offensiven.

John Helde, tok ordet som ordstyrar i årsmøtet i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal. Ei utfordring at det er tre kraftfôrfabrikkar på Vestlandet og ein kan bli overflødig. Om Vestnes blir nedlagt blir vi ein utkant. Han oppmoda bøndene om å nytte sine lokale tillitsvalde i FK for å sikre at det framleis blir ein fabrikk på Vestnes.

Anders Øverbø, Rauma svarte til Hans Frafjords spørsmål om informasjonsstrategi at han var samd i at økonomi må ha førsteprioritet, men det kan ikkje vere heile presentasjonen av næringa. PProgrammet manglar prioritering. Rauma vil ha 1. Økonomi. 2. Rekruttering.

Ola Steinsvik, Volda og Dalsfjord peikte på at Landkreditt er samvirkebanken.

Eldbjørg Tvergrov, Hjørundfjorden tok opp samdrifter og meinte det ikkje var berre lett med samdriftsbønder og andre i same organisasjon. Produsentlagsmøte i kommunen hadde krevjande diskusjon om samdrift. Driftstilskotet til samdrift hadde kome godt med. Men samdrift har gjeve eit anna liv med arbeid.

Arne Magnus Aasen svarte på innlegga. Til Paul Sindre Vedeld om marknadsordningane at det lett kan skje endringar som vi ikkje har føresett. Om samdrift meinte han at på eit tidspunkt må vi parkere debatten sidan vi ikkje får til ei ordning med dokumentasjon av arbeidsinnsats. Difor må vi betre inntektene for mjølk. Kan heller ikkje vente at stordrift skal få smådriftsfordelane. Han meinte det også kan gjelde for tak på mjølkekvote at vi må bli ferdige med debatten og ikkje ta alle omkampene. Til diskusjonen om kornsilo sa Aasen har var frustrert over at det var så mange ulike agendaer og at då må ein kome tilbake til start om kva som tener bonden. For Møre og Romsdal Bondelag var det ein ting som er viktig og det er å oppretthalde kornsiloen på Vestnes som har mykje å seie for landbruket i fylket.

Replik **Olav Gustad** kommenterte dette å gjere det meir leveleg for større einingar.

Arne Magnus Aasen viste til fylkeslaget sin uttale med auka satsar på husdyrtillagga. Det å auke bruksstrukturen vil ikkje redde næringa. Men i forhold til resten av landet vil fylkeslaget bli sjakk matt dersom vi går for store endringar for større bruk.

Guttorm Kjelsvik æresmedlem takka for invitasjonen til årsmøtet, han konstaterte at organisasjonen jobbar godt, at det er mange kvalitetar ved yrket, men at næringa ikkje får meir mediafokus. Han viste til då fylkeslaget gjorde framlegg om å vurdere kornprisen – og kva hadde skjedd om ein ikkje hadde gjort grepet med kornprisen. Han reiste spørsmål om justeringsforhandlingane blei eit signal til Yara om å auke prisane. Har eit problem med årlege forhandlingar der det politiske fallet blir stort om partane ikkje oppnår ønska resultat. Kunne ha behov for regulatoriske grep årleg utan omfattande forhandlingar.

Jan Erik Glåmen, Halså og Valsøyfjord var tilfreds med uttalen frå fylkeslaget rundt kvote med like vilkår for ulike føretak og om produksjonstillegga.

Nestleiar **Inge Martin Karlsvik** meinte hovudsaka er å ha eit kvotesystem, og som ikkje blir stadig angripe frå ulike hald i næringa, og forklarte fylkesstyret sitt standpunkt.

Replik **Anders Øverbø** har problem med å forstå bakgrunn for å auke grensa på 400.000 ltr.

Erling Ove Flø, Søre Sunnmøre, minna om at det er jorda vi lever av og at Bondelaget har fokus på jordvernet gjennom heile året.

Borghild Reenskaug støtta konklusjonen til fylkeslaget på kvote, og då leite meir etter løysingar på areal og fagleg god drift. Ho viste til krefter i Danmark som kunne tenke seg produksjon utan areal, og late gjødsel gå til bioenergi.

Arne Magnus Aasen oppsummerte.

SAK 10. VAL

Det har kome skriftlege framlegg frå Ålvundeid Bondelag, Rindal Bondelag, Aure Bondelag og Todalen Bondelag. Alle framlegg frå valnemnda er samrøystes.

Val av teljekorps - Vedtak: Valnemnda og Atle Frantzen.

Leiar i Valnemnda, Signe Brenna, la fram innstillinga og presenterte kandidatane.

1. Leiar. Val for 1 år.

På val: Arne Magnus Aasen, Tingvoll

(Valt til ny leiar i 2004 - stiller til attval)

Vedtak: **Arne Magnus Aasen, Tingvoll**

Attvalt med 46 stemmar, ein forkasta.

2. To styremedlemer. Val for 2 år.

På val: 1. Styremedlem Inge Martin Karlsvik, Eide (styremedl. frå 2005, vara frå 2004), og 2. Styremedlem Birgit Oline Kjerstad, Haram (styremedl. frå 2007, vara frå 2006) (Ikkje på val til styret: Anne Katrine Jensen, Gjemnes og Per Kristian Gjerde, Stranda)

Vedtak: **1. Styremedlem Inge Martin Karlsvik, Eide** - Attvalt med 47 stemmar

2. Styremedlem Birgit Oline Kjerstad, Haram – Attvalt med 46 stemmar 1 bl.

3. Nestleiar. Val for 1 år

På val: Inge Martin Karlsvik, Eide (Har vore nestleiar frå 2008- stiller til attval)

Vedtak: **Inge Martin Karlsvik, Eide** – Attvalt med 45 st, B Kjerstad 1, blank 1

4. Val av 3 vararepresentantar til styret i nr.-orden for 1 år.

Vedtak: **1. vara: Hans Frafjord, Vestnes – Attval**

2. vara: Audun Skjervøy, Norddal – Ny

3. vara: Gunnar Børset, Sunndal – Ny

5. Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag (2009/2010)

Pr. 31.12.2008 hadde fylkeslaget 3.430 medlemmer. Det skal veljast ein utsending for kvar påbegynt 600 medlemmer. Dette gir **6 utsendingar** (Grensa for 7 utsend. er 3.601 medl.).

Dei som er valt for to år og som skal møte i 2009 også (ikkje på val i år), er forutan leiaren:

1. Anne Katrine Jensen, Gjemnes (2008/2009)

2. Per Kristian Gjerde, Stranda (2008/2009)

Vedtak: **Utsendingar med funksjonstid (2009/2010)**

3. Inge Martin Karlsvik, Eide (2009/2010)

4. Birgit Oline Kjerstad, Haram (2009/2010)

Utsendingar med funksjonstid (2009)

5. Hans Frafjord, Vestnes (2009)

6. Audun Skjervøy, Norddal (2009)

6. Val av 6 varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i nummerorden for 1 år.

Vedtak: **1. Gunnar Børset, Sunndal**

2. Gunnbjørg Trondsen, Fræna

3. Karl Arne Austnes, Giske

4. Petter Melchior, Norddal

5. Olaug Kvendset, Surnadal

6. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag, Gunnar Wentzel

7. Ordstyrar til årsmøtet 2010

Vedtak: **Ordstyrar: John Helde, Nesset** - Attval

Varaordstyrar: Knut Sjømæling, Gjemnes - Attval



Fylkesstyret frå høgre: Leiar Arne Magnus Aasen, nestleiar Inge Martin Karlsvik, styremedlemmene Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad og Per Kristian Gjerde, og 1. vara Hans Frafjord. (Foto: Arild Erlien).

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Telefaks: 71 20 28 91	E-postadresse: More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

8. Val av revisorar.

Vedtak: Jon B. Nedal, Averøy (registrert rekneskapsfører) - Attval
Halvard Hals, Fræna - Attval

Vararevisorar i nr orden:

1. Ole Marvin Aarstad, Nesset (registrert rekneskapsfører) - Ny
2. Lars Håkon Furset, Stranda - Attval (tidl. 1.vara)

9. Valnemnd – val av 2 medlemmer for 3 år

Lovene til NB seier ikkje noko om valnemnda. Årsmøtet 2008 vedtok at valnemnda frå 2009 skal bestå av 5 medlemmer. Medlemmene i valnemnda blir valt for 3 år. Ein eller to medlemmer står på val kvart år. Det blir valt 3 varamedlemmer i nummerorden for 1 år. Leiar og nestleiar blir av årsmøtet valt for 1 år mellom dei fem medlemmene i valnemnda.

I valnemnda sit frå før:

Signe Brenna, Norddal (leiar)	Funksjonstid: (2008/2009/2010)
Trond Malmedal, Fræna (nestleiar)	(2008/2009/2010)
Jorunn Solnørdal Myren, Ørskog	(2009/2010/2011)
Vedtak: 1. Ivar Aae, Averøy	(2010/2011/2012)
2. Ola Steinsvik, Volda	(2010/2011/2012)

Val av leiar i valnemnda 2010 for 1 år: Vedtak: Trond Malmedal, Fræna

Val av nestleiar i valnemnda 2010 for 1 år: Vedtak: Ivar Aae, Averøy

10. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda (2010) i nummerorden for 1 år:

Vedtak:

1. Leif Inge Grebstad, Sykkylven
2. Jens Kristian Eikrem, Tingvoll
3. Gunnbjørg Trondsen, Fræna

SAK 11. REISE- OG MØTEGODTGJERSLE TIL STYRE OG REVISOR

Vedtak: Fylkeslaget nytter Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, revisorane, samt til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptrer på vegne av fylkeslaget.

(Møtegodtgjersla gjeld ikkje for utsendingar frå lokallaga til leiar møtet og årsmøtet av di det ikkje er budsjettmessig dekning for det i fylkeslaga. Reisedekning for desse møta blir fastsett av styret. Evt møtegodtgjersle for lokallaga må bli gjeve etter vedtak i årsmøta i lokallaga.)





Kari Raanes, Olav Gustad og Ivar Aae frå Averøy Bondelag saman med fylkesleiar Arne Magnus Aasen, som overrekte vandrepremien, trekofferten.

UTNEMNING AKTIVT LOKALLAG 2008

Under middagen fredag kveld vart Averøy Bondelag utnemnt til Aktivt Lokallag 2008.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen overrekte vandrepremien, trekofferten, til leiar i Averøy Bondelag, Ivar Aae. Han takka for utmerkinga.

Styret i M&R Bondelag vil som «Aktivt Lokallag» for 2008 utnemne eit lokallag som har halde jamn, stor og god aktivitet. Fylkeslaget har vurdert fleire aktuelle lokallag. Leiaren i laget som vert utnemnt får bere vandrepremien, trekofferten. Laget får tilbod om dekning av kostnadene til ein medlemsaktivitet for gamle og nye medlemmer innan ein kostnad på inntil kr 3.000 dekkja av fylkeslaget.

Lokallaget har hatt god og høg aktivitet over lang tid. Laget har siste året halde mange møter, utadretta aktiviteter og initiativ til tiltak i bygda. Svært mange av aktivitetane laget har skipa til har fått god og stor mediaomtale i lokalavisene.

Laget har sendt uttale foran jordbruksforhandlingane, delteke på dei arrangement fylkeslaget skipar til, og delt ut Bondelagets aksjonsaviser før jordbruksforhandlingane.

Laget har sponsa skolelunsj og halde skoletime om landbruket, mat og matproduksjon for skoleelevar. Det er halde medlemsmøte og fokus på Landbrukets HMS-teneste, laget er med i landbruksråd, arbeidsgruppe for fiskarbondens arv og arbeidsgruppe for landbruksplan.

Vidare har laget møtt fylkestingsrepresentant om situasjonen i landbruket, det er gjennomført innsamling av rundbal-leplast og skrapjern, og arrangert tur for medlemmene.

På medlemsmøte i laget vart den økonomiske situasjon i landbruket drøfta, og vart den første spire til ein landsomfattande aksjon. Dei aktive bøndene bak grasrotaksjonen, fleste av dei bondelagsmedlemmer, var med på mange planleggingsmøter, danna aksjonskomite og hadde møte med m.a. leiaren i Bondelaget.

Timeglassymbol vart utarbeida med teksta ”Tida renn ut for landbruket”, og plakatar festa på over 100 driftsbygningar i kommunen som sto tomme for produksjonsdyr. Aksjonen vart lansert med pressekonferanse med eit meget stort pressekorps tilstade. Aksjonen fekk i mange månader stor

merksemd over heile landet, både frå media og mange andre bønder. Aksjonen vart følgd opp av meir enn halvparten av lokale Bondelag i fylket, og mange lokallag i andre fylker.

Då forstår alle at det er snakk om Averøy-aksjonen, som makta å vise situasjonen, krav og forventningar med påstanden om at det ikkje er verst for bøndene som kan få seg anna arbeid. Det kan bli vanskelegare å skaffe nye matprodusentar.

PREMIERING FOR MEDLEMSVERVING

Fylkeslaget vil premiere alle lokallag som har fått minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets årsmøte med Bondelags-effektar. Mange lag har verva tre eller fire medlemmer. Totalt fekk Møre og Romsdal Bondelag 114 nye medlemmer frå årsmøtet 2008 til årsmøtet 2009.

Dei som vart premierte med Bondelaget sine effektar i år var: **Vestnes Bondelag (12 nye), Gjemnes Bondelag (10 nye), Rauma Bondelag (9 nye), Aure Bondelag (8 nye), Averøy Bondelag (6 nye), Sunndal Bondelag (6 nye) og Rindal Bondelag (5 nye).**



Frå venstre: Anders Øverbø (Rauma BL), Kari Raanes (Averøy BL), Tore Simonset (Rindal BL), Erik Olufsen (Aure BL), Søren Johan Øveraas (Vestnes BL), Odd Ingvar Torvik (Gjemnes BL) og Ole Magne Bjørnhjell (Sunndal BL). (Foto: Arild Erlien).

AVSLUTNING

Leiar Arne Magnus Aasen takka for tilliten og samarbeidet i styret, og ønskte dei nye varafolka velkomen på laget. Han sa det var lett å vere tillitsvald i Møre og Romsdal Bondelag og å samarbeide med kontoret. Han var glad for konstruktiv debatt i årsmøtet, og for ein lett og uformell tone som han meiner gjer debatten like konstruktiv. Han ønskte utsendingane lukke til med vidare arbeid i laget, og påpeikte at det vil bli stadig meir behov for landbruket.

- Det er gjennom dei små steg ein når resultat.

Møtet heva kl 13.20.

Gunnar K Wentzel – ref John Helde – ordstyrar

Søren Johan Øveraas (s) Tove Nesse (s)

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Telefaks: 71 20 28 91	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

VEDLEGG TIL PROTOKOLLEN:**Referat frå:****Næringspolitisk årsmøtekonferanse fredag frå kl 10.30 til 16.00 om matproduksjonen i Norge og Møre og Romsdal: - Skal vi lage maten vår sjølv eller stole på andre land?**

Arngunn Timenes Bell på fele, Rannveig Djønnne på torader og Laila Storli på fele og vokal sto for musikalske innslag på konferansen.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen ønska velkomen og opne konferansen.

Musikk på torader ved Rannveig Djønnne og Arngunn Timenes Bell på fele.

Christian Anton Smedshaug: Laveste priser i verden noensinne i 2005 og vil neppe bli slik igjen. Behov 30 mrd dollar til investering i jordbruket i følgje FAO.

Landbruksdirektør Anne Berit Løset peikte på at dyrka mark er rent teknisk enkelt og billigast å bygge ut. Vårt fylke omdisponert i 2005 heile 725 dekar nedbygd, og til 527 dekar i 2007. Stor grad av jordleige gir større sårbarheit når den som driv jorda ikkje eig. Mindre produktivt areal ofte ønska utbygd av grunneigar. Landbruket viktig miljøaktør. Ser sentralt på nye regler i jordlova og Plan- og bygningslova som kan gjere det lettare å verne dyrka jord.

Rigmor Andersen Eide, KrF, har spurt dei ho har møtt om kva som er viktig for landbruket i fylket. Svaret frå både bønder og andre er at bøndene må få betre betalt. Ho kom også inn på verdssituasjonen for mat. Nye sikkerheitsprogram for fattige i byane. Endre biodrivstoff-politikken til avfall - ein biltank kan dekke maisbehovet for ein person i eit år. Meir landbruksbistand til U-landa. Den internasjonale situasjonen viser behovet for å vidareutvikle norsk landbruk.

Leif Helge Kongshaug, V, meinte det er ei ny tid med nye utfordringar om vi skal få eit berekraftig landbruk og satse målretta på dei som trur på norsk landbruk. Må ha råd til å lage vår eigen mat. Større fleksibilitet og mindre rigid regelverk. Odelslova gått ut på dato. Norsk landbrukspolitikk må ha budsjetttøtte, pris på varer og dyktige bønder.

Kari Rånes, bonde og styremedlem frå Averøy presenterte garden sin. Ho har teke ut minimalt med inntekt. Trivst. Fleire kvinnelege bønder – på fire av gardsbruka i området, på det femte skal odelsjente ta over og de har skipa ei eiga kvinnegruppe.

Stortingskandidat Torgeir Dahl, H, tok opp partiet sin politikk. Landbruket ein av dei få næringane i landet med komplett verdiskaping innan jord- og skogbruk på over 120 mrd kr og sysselset meir enn hundre tusen. Prisreguleringa må bli fjerna for det er ingen som ønskjer å selje så lenge prisen er regulert. Delingsforbodet bør bli oppheva for at ein skal kunne kjøpe jorda ein driv. Buplikta gir ikkje meir busetting. Mindre byråkrati, knapt nokon sektor så tung. Enklare dokumentasjon rovdyrskade. Meir fleksible samdriftsreglar.

Lunsj

Musikk: Musikk på torader ved tidlegare fylkesagronom Rannveig Djønnne og odelsjente frå Sogn Arngunn Timenes Bell på fele, og Laila Storli, fele og vokal.

Leiar i Aure Bondelag, Erik Olufsen, presenterte garden sin: Utan biinntekta som vegeningenør ville det vore magert utbytte og tært opp garden. Teikningar for utviding av fjøst til 3 mill kr, men er heilt avhengig av BU-støtte. Utfordringane i Aure er 12% nedgang i produksjonen og treng to til tre nye bygg kvart år berre for å halde produksjonen. Bygdemobiliseringsprosjekt og søkt midlar til utviklingsprosjekt for landbruket i Aure. Treng investeringsmidlar. Det andre er at landskapet er slik at det er avgrensa kor mykje vi kan rasjonalisere.

Stortingsrepresentant Bjørn Jacobsen som har vore røktar fortalte korleis han følte det å møte sin konkurrent, mjølkeroboten. Han tok opp leigejordsproblemet. Slegg ungdomen til. Uaktuelt å leggje ned landbruket i Norge. Fagforbunda i LO er veldig oppteken av å ha primærproduksjonen. Når mat og andre varer er svært billeg veit vi det er av di det er nokre som er underbetalt.



Bondelagets æresmedlemmer, Guttorm Kjelsvik (t.v.) og Gunnar Waagen (t.h.) i samtale med fylkesleiar Arne Magnus Aasen.

Statssekretær Ola T Heggem i Landbruksdepartementet kommenterte ti krav frå Norges Bondelag til landbrukspolitikken ved å gå gjennom Bondelaget sine krav da regjeringa starta arbeidet. Marknadstilpassinga. Regjeringa vil nytte pengar på verneområda til skjøtsel. Inntektsutviklinga har vore prioritert framfor investeringsmidlar. Den teknologiske utviklinga vil halde fram. Jobbar med avskrivingsreglane – kostbart om ein senkar for heile næringslivet. Verneparagraf på gang i jordlova. Om regjeringa får halde fram, så vil vi halde fram å auke inntektene. Mjølkebøndene har fått ca 50.000 i inntektsvekst under denne regjeringa. Klimamelding vil gå på kunnskap, redusere utsleppa, tilpasse klimautfordringar. Rammevilkår. Fagmiljø. Politiske vedtak.

Leiar i fylkeslandbruksstyret Arne Hoem, Frp, svarer på spørsmåla som Bondelaget har stilt. 1. Ja, men må sleppe bonden fri. 2. Nei, restriksjonar på driftsformar må liberaliserast. 3. Ja, men må ha kompensasjon som distriktstilskot for dei som blir berørt for å ha levande bygder. 4. Nei, må bli friare omsetning av matvarer og fjerne monopol. 5. Ja, opne for fri konkurranse og leggje til rette for attårnæring. 6. Ja, vidareutvikle marknadstiltak. 7. Ja. Senke skattar og avgifter. 8. Ja. Leggje til rette for aktuelle tilleggsnæringar. 9. Nei. Lovene er bakstrevske, bonden er leiglending. 10. Nei. Oppheve forboda i jordlova.

Ola Steinsvik, Volda og Dalsfjord: Meinte den største utfordringa er korleis vi skal produsere nok mat, og at bøndene tilpassar seg teknologien. Han reiste spørsmål ved kvifor fylket ikkje nyttar makta si i jordvernet.

Eldbjørg Tvergrov, Hjørundfjord, oppmoda politikarane om å ta vare på pelsdyrnæringa.

Solveig Linge Stakkestad, leiar i Bygdekvinnelaget, tok opp matvaresikkerheit og beredskapslager.

Erling Ove Flø, Vestre Sunnmøre, er bekymra for nedbygging av dyrka mark og tok opp jordvernavgift og kvifor det ikkje er innført.



Anders Øverbø, Rauma (talarstolen), org.-sjef **Gunnar Wentzel**, nestleiar **Inge Martin Karlsvik**, årsmøteordstyrar **John Helde** og fylkesleiar **Arne Magnus Aasen**.

Ivar Aae, Averøy, meinte det ligg godt til rette for bredt politisk samarbeid. Odelslova kan ha utspelt si rolle og stilte spørsmål om kva regjeringa meiner. Familiebruket avgjerande.

Anders Øverbø, Rauma, viste den statistiske utviklinga i talet på gardsbruk. Men folketalet aukar og treng mat. Han gikk gjennom politikarane sine standpunkt. Manglar statistikk for leigejord. Råda til fokus på inntektene. Skilje ut husa ved sal av garden.

Borghild Reenskaug, Fjørtoft og Harøy og **Tine** reiste spørsmål om mulegheit til å reise midlar utanom avtala til investering. Tollvernet er svakt for mjølk, tiltak som prosenttoll naudsynt.

Ole Gustad, Averøy, meinte enklare reglar på einsskildede område kunne gi meir betaling til bonden.

Per Kristian Gjerde, fylkesstyret, tok opp jordleige, men følte seg ikkje som leiglending på dei 20 gardsbruka dei driv. Mens i tidlegare tider var det ein stor som mange små leigde av.

Oppsummeringsrunde: Ola Heggem oppsummerte FrP sin landbrukspolitikk. Leif Helge Kongshaug. Rigmor Andersen Eide. Bjørn Jacobsen støtter opp om familiebruket. Treng jordreform eller jordskifte i Norge tilpassa dei som driv. Odelslova var for å verne jorda og garden og trur den vil stå seg.

Anne Berit Løset sa kommunane hadde hovudansvaret for arealforvaltinga, treng dialog og tydelegare krav til vurdering av alternative areal. Meir vekt på auka merksemd i kommunane enn bruk av makt frå sentralt hald. I 2008 fleire motsegner til kommunale planar enn før.

Eli Reistad, nestleiar i Norges Bondelag, følte det var eit godt møte og fylkeslaget ser ut til å ha god kontakt med politikarane. Næringa treng vener og kunnskap i alle parti. Stortingsvalet og den landbrukspolitikk som blir utforma nasjonalt er uansett viktigare enn resultatet av ein WTO-avtale. Bondelaget må utfordre dei som skal på landsmøta utover våren.

Biletglimt frå gruppearbeidet



Frå v: Erling Ove Flø, Reidar Ove Overvoll, Trond Malmedal, Gunnar Børset, Borghild Reenskaug, Solveig Linge Stakkestad, Bjørn Brende og Olav Gustad.



Frå v.: Ivar Aae, John Hestenes, Odd Arne Dagfinnrud, Geir Hole, Tore Simonset, Kenneth Høyning, Elling Kvammen.



Frå v.: Gunnar Haugen, Einar Gjøl, Jan Arild Stokke, Eldbjørg Tvergrov, Birgit Oline Kjerstad, Anders Øverbø, Edgar Dromnes.



Frå v: John Arne Lesund, Kari Raanes, Gunda Bele, Jorunn Solnørdal Myren, Frode Alexandersen, Endre Frøysa.



Frå v: Erik Blindheim, Jens Kristian Eikrem, Erik Olufsen, Øyvind Karlsen, Per Kristian Gjerde, Karl Vaks-vik.



Frå v: John E. Fiske, Hans Frafjord, Søren Johan Øve-raas, Svein Henning Haugen, Paul Sindre Vedeld, Just Ove Westad, Odd Ingvar Torvik.



Frå v: Arnfinn Lien, Ole Magne Bjørnhjell, Signe Brenna, Petter Melchior, Connie Hansen Bjørnøy.